



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Kontrollutvalet
<b>Stad:</b>	Herøy Rådhus, Møterom 1
<b>Dato:</b>	30.09.2019
<b>Tid:</b>	14.15 – 16.05

**Medlemer som møtte:**

Gerhard Furø	Leiar	
Oddbjørg Karen Remøy	Medlem	

**Forfall:**

Ove Kåre Remøy	Medlem	
Stian Elveseter	Nestleiar	
Kristin Helsem Sævik	Medlem	

**Varamedlemer som møtte:**

Gunnar Sævik		.
Malene F. Remøy		

**Frå Vest kontroll møte:**

Jostein Støylen	Dagleg leiar	

**Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS) møte:**

Bodill Skeide	Dagleg leiar/revisjonssjef	

**Frå Herøy kommune møte:**


Gerhard Furø  
LeiarOddbjørg Remøy  
Medlem



## SAKLISTE

- SAK 19/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.  
MØTEPROTOKOLL
- SAK 20/19 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE
- SAK 21/19 MELDINGAR
- SAK 22/19 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019
- SAK 23/19 EVALUERING AV KONTROLLUTVALET
- SAK 24/19 BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2020
- SAK 25/19 VIDARE OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKTET  
- TILSYN OG OPPFØLGING - BARNEVERN
- SAK 26/19 TILSYNSRAPPORT – SPESIALUNDERVISNING - Saka vert utsett til  
neste
- SAK 27/19 ÅRSRAPPORT 2018 FOR SSR – SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK
- SAK 28/19 INNSPEL TIL KONTROLLUTVALET



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
19/19	033	20.06.2019	30.09.2019	KS

## GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL

### Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Oddbjørg Remøy.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
20/19	049	20.06.2019	30.09.2019	KS

## GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 28.05.2019.

### Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 28.05.2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
21/19	033&17	18.09.2019	30.09.2019	KS

## MELDINGAR

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitende.

### Vedlegg

1. Forskrift om kontroll utval og revisjon, av 17.06.2019
2. Vestlandsnytt 5. juli 2019 «Var meld til politiet: Saka mot Herøy kommune og rådmann lagt vekk»
3. Vestlandsnytt 4. juli 2019 «Ber om dokumentasjon frå Runde»
4. Vestlandsnytt 4. juli 2019 «Tilsvar til kommune-advokaten»
5. K-sak 56/19 Årsmelding for kontrollutvalet 2018
6. Kommunerevisoren nr. 4 2019 «Endringer av selskapsavtaler for interkommunale selskaper».
7. Kapittel 23. «Kontrollutvalgets virksomhet». Frå Lovdata.



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
22/19	033&58	18.09.2019	30.09.2019	KS

## GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

### Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

*NB! Vest kontroll har motteke tips om moglege feil i høve møteprotokoll frå Maritim og teknisk komité 12.08.*

Dokumenta finn ein på Herøy kommune si heimeside - <https://innsyn.ssikt.no/heroy/Dmb#>

### Møteprotokollar til gjennomgang (feit skrift):

Administrasjonsutvalet	<b>11.06</b>			
Arbeidsmiljøutvalet	<b>03.06</b>			
Eldrerådet				
Formannskapet	<b>11.06</b>	<b>02.07</b>	<b>20.08</b>	<b>17.09</b>
Klageutvalet				
Komité for helse og omsorg	<b>05.06</b>	<b>18.09</b>		
Komité for næring, kultur og idrett	<b>06.06</b>	<b>15.08</b>		
Komité for oppvekst	<b>05.06</b>	<b>18.09</b>		
Kommunestyret	<b>20.06</b>	<b>29.08</b>		
Maritim og teknisk komité	<b>17.06</b>	<b>12.08</b>		
Nemnd for vilt, fiske og friluft				
Plan og byggenemnd	<b>29.05</b>	<b>27.06</b>	<b>19.08</b>	<b>10.09</b>
Råd for msk med nedsett funksjonsevne				
Ungdomsrådet	<b>21.08</b>			
Valnemnd	<b>29.08</b>			
Valstyret	<b>13.08</b>	<b>20.08</b>	<b>10.09</b>	

Herøy Kulturhus  
SSR IKS STYRE  
SSR IKS RE

Sendt til leiar  
Sendt til leiar

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
23/19	033	06.09.2019	30.09.2019	KS

## EVALUERING AV KONTROLLUTVALET

### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at det blir gitt tilbakemelding til kontrollutvalssekretariatet innan 10.10.2019.
2. Kontrollutvalet vonar evalueringa vil bidra til ei god tilrettelegging for kontrollutvalet i kommande valperiode.

**Vedlegg**

1. Skjema for evaluering av kontrollutvalet
2. Side 77-80 frå kontrollutvalsboka

**Saksopplysningar**

Ei av dei viktigaste oppgåvene til kontrollutvalet er å være ein pådrivar for læring og utvikling i kommunen vår, det kan difor være nyttig for kontrollutvalet å evaluere eiget arbeid.

Kontrollutvalsperioden går mot slutten og det er viktig å leggje til rette for erfaringsoverføring til neste kontrollutval.

Kapittel 11 i kontrollutvalsboka omhandlar «Oppfølging og evaluering» av kontrollutvalet, sekretariat og revisjonen sitt arbeid. No er snart valperioden 2016-2019 ferdig og det kan, etter sekretariatet si meining vere bra at det vert gjennomført ei evaluering av det arbeidet kontrollutvalet har gjort i denne valperioden.

Skjema ligg ved. Ordførar og rådmann er også invitert til å vera med i ei slik evaluering.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
24/19	151	06.09.2019	30.09.2019	JS/KS

**BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2020****Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet ber kommunestyret løyve minst kr. 50.000,- til fri disposisjon for kontrollutvalet i budsjett for 2020. Leiar og møtegodtgjersle kjem i tillegg.

**Vedlegg**

Ingen.

**Saksopplysningar**

Budsjett for Vest kontroll – sekretariat for kontrollutval vert vedteke av styret for selskapet (samarbeidet). Dette budsjettvedtaket legg rådmannen inn i kommunebudsjettet.

Sekretariatet er det utøvande lekk for kontrollutvalet.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv mellom anna dette i Kontrollutvalsboka (2016):

«Det er avgjerande for godt kontrollarbeid at kontrollutvalsmedlemer blir sette i stand til å utøve vervet sitt på ein god måte: Kommunestyret bør sørge for at det er tilstrekkeleg budsjett til at kontrollutvalsmedlemmene kan delta på kurs og konferanser.»

«Kommunestyret er ansvarleg for at kontrollutvalsmedlemmene og varamedlemmene får tilstrekkeleg opplæring i sine kontroll- og tilsynsoppgåver.»

«Kontrollutvalet bør sørge for at medlemmene (både faste og vara) får tilstrekkeleg opplæring. Det vil vere nyttig at utvalet held seg orientert om arrangement i regi av bransjeorganisasjonar og foreiningar, og sjølv tek initiativ til kurs medlemmene har trong for»

I tillegg til den grunnleggjande opplæringa er det viktig at kontrollutvalet held seg oppdaterte.

Dette er ein kontinuerlig prosess som det må løyvast midlar til.



For å gi kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille naudsynte ressursar til disposisjon. (Kontrollutvalsboka 2016:16) Difor må kontrollutvalet ha sitt eige budsjett som mellom anna skal dekkje opplæring, kurs/konferansar, litteratur m.m.

Dette gjer at kontrollutvalet må be kommunestyret om budsjett i 2020 pålydande minst kr. 50.000,-.

Større særskilde tiltak/saker slik som gransking og større forvaltningsrevisjonar er halde utan om dette budsjettet. Her gjeld hovudregelen om at kontrollutvalet i førekant søker kommunestyret for å få løyvd nødvendige midlar.

Budsjettframlegget til kontrollutvalet kan berre endrast av kommunestyret.

«Grunnen til at budsjettet til kontrollutvalet er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller eit organ som kontrollutvalet skal kontrollere og ha tilsyn med, til dømes formannskapet eller administrasjonsutvalet, får innverknad på budsjetttramma til tilsynsorganet. (Kontrollutvalsboka 2016:16)

Budsjettframlegget til kontrollutvalet skal uendra følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har informasjon om både kontrollutvalet sitt framlegg og formannskapet si innstilling til budsjett.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
25/19	217	18.09.2019	30.09.2019	KS

## VIDARE OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKTET TILSYN OG OPPFØLGING – BARNEVERN

### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek tilbakemeldinga vedkomande forvaltningsrevisjonsprosjektet Tilsyn og oppfølging – Barnevern til vitende og ber om ny rapportering i høve anbefaling 5, innan **01.12.2019**.

### Vedlegg

1. E-post frå rådmannen– påminning om tilbakemelding. Datert 13.09.2019
2. Kontrollutvalssak 17/19

### Saksopplysningar

Kontrollutvalet ba om ny tilbakemelding på status på gjennomføring av anbefaling 5, innan 10.09.2019. *Men svaret tilhøyrer pkt. 4, og er ikkje relevant for pkt. 5.*

*Så vi ventar fortsatt svar på pkt 5.*

### Rådmannen gir slik tilbakemelding på anbefaling 5:

Dette er til no ikkje blitt prioritert/gjennomført. Veit at det er sett av ein dato for kursing av tilsynsførarar frå Herøy og Vanylven.

Må sjekke opp dette og kome attende til deg.

Det er sett av onsdag 30.10.2019 kl.17.00 til kursing av tilsynsførarane i Herøy og Vanylven.

Det går ut innkalling måndag.

Ein vil leige lokale i Sande, slik at alle kan ha høve til å møte.



Kursleiarar blir Anita Ristesund og Trude Flusund.

Vedtak for prosjektet

Kontrollutvalet i Herøy kommune gjorde i sak 14/18 vedtak om å få gjennomført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt knytt til tilsynsordninga i barnevernet.

Kontrollutvalet gjorde si tilråding til kommunestyret i sak 37/18 og kommunestyret sitt vedtak i sak PS 11/19.

Oppstillinga nedanfor viser kommunestyret sine vedtak for handlingar, rådmannen si tilbakemelding og revisjonen sine kommentarar til desse:

Kommunestyret sine vedtak for handlingar i sak PS 11/19 av 31.01.2019.	Rådmannen si oppfølging, datert 30.04.2019	Tilbakemelding frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon, datert 13.05.2019
<p><b>1. Kommunen må sette i verk tiltak slik at barnevernstenesta får gjennomført tilfredstillande tilsyn i alle fosterheimar jfr. minimumskrava:</b></p>	<p>Alle borna som bur i Herøy kommune har tilsynsførar og alle har tilsynsførar det fungerer godt med. Per 31.12.2018 har Herøy kommune tilsynsansvar for 11 born.</p> <p>Alle borna som Herøy kommune har tilsynsansvar for og som har budd i kommunen heile 2018 har hatt dei lovpålagte tilsyna. Dei som har flytta i perioden har av den grunn ikkje hatt 4 tilsyn.</p> <p>Ein har i fagprogrammet ein «Plan for tilsyn av barn under omsorg» der barnevernstenesta på kvart tilsynsborn registrer: planlagt, gjennomført og status på tilsyna.</p> <p>Ved gjennomgang av planen sender ein ut brev til alle tilsynsførarar og på minner dei om 4 tilsyn årleg.</p>	<p>Ut i frå tilbakemeldinga går det fram at kommunen har sletta minimumskrava både for barnevernet sine egne og oppfølgingsbesøk og i høve tilsynsførar i 2018.</p>
<p><b>2. Kommunen må ha som mål at ved oppfølgingsbesøk i fosterheimar med fleire fosterheimsbarn, må alle fosterbarna være til stades.</b></p>	<p>Alle born som er under omsorg av Herøy kommune har fått dei lovpålagte oppfølgingsbesøka i 2018. Barnevernstenesta har ansvar for å følgje opp våre born under omsorg. Ein har fokus på å planlegge besøk i godt til og legge til rette for at alle fosterborna er til stades ved å avtale oppfølgingsbesøka på dagar/tidspunkt som passer borna best.</p> <p>Ein har i fagprogrammet ein «Plan for tilsyn av barn under omsorg» der barnevernstenesta på kvart tilsynsborn registrer: planlagt, gjennomført og</p>	<p>Det går fram av kommentaren at kommunen har skriftelege rutinar og praksis som skal sørgje for at anbefalinga blir følgt, men det er ikkje mogeleg ut i frå tilbakemeldinga å konkludere i høve dette.</p>



	<p>status på oppfølgingsbesøka i fosterheimen.</p> <p>Det blir også dokumentert på oppfølgingsbesøket i barnet sitt journal der det vil gå fram kven som var til stades.</p>	
<p><b>3. Kommunen må sørge for at alle born ein har tilsynsansvar for, får gjennomført tilfredsstillande tal på tilsyn jfr. minimumskrava i rettleiar.</b></p>	<p>Viset til punkt 1.</p>	<p>Ut i frå tilbakemeldinga går det fram at kommunen har sletta minimumskrava både for barnevernet sine egne og oppfølgingsbesøk og i høve tilsynsførarar i 2018.</p>
<p><b>4. Kommunen må etter behov vurdere kurs/fellessamling med tilsynsførarar mht. Rapportskriving.</b></p>	<p>Barnevernstenesta i Herøy og Vanylven har 01.01.2019 inngått eit samarbeid der Herøy kommune er vertskommune. Barnevernstenesta planlegg eit felles kurs med tilsynsførarane i begge kommunane i løpet av hausten. Her skal ein nytte opplæringsmodular frå Bufdir som grunnlag for temakvelden.</p>	<p>Kommunen har planlagt felles kurs med tilsynsførarane i samarbeid med Vanylven kommune. Kommunen ser derfor ut til å ha sett i verk tiltak for å imøtekomme anbefalinga</p>
<p><b>5. Kommunen må innhente uavhengigheitsærklæring og politiattest av også tidligare tilsynsførarar.</b></p>	<p>Det er sendt ut skriv om dette til alle tidligare tilsynsførarar. Barnevernstenesta har pr. dato fått inn frå fleire, men ikkje alle. Dette blir følgt opp.</p>	<p>Kommunen har sett i verk tiltak for å imøtekomme anbefalinga, men arbeidet er ikkje ferdig</p>

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
26/19	099	19.08.2019	30.09.2019	KS

## TILSYNSRAPPORT – SPESIALUNDERVISNING

### Samrøystes vedtak:

Saka vert utsett til neste.

### Forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet tek tilsynsrapport – Spesialundervisning til vitende.

### Vedlegg

1. Tilsynsrapport frå Fylkesmannen, av 18.04.2018
2. E-post av 13. august 19 «Tilsynsrapport-Herøy kommune».
3. **Unnateke off. innsyn, jf. Offentleglova. § 13 og forvaltningslova § 13** som uprenta vedlegg.

### Saksopplysning

Fylkesmannen opna tilsyn med Herøy kommune i brev 29.01. 2018.





Formålet med tilsynet er å kontrollere om kommunen oppfyller krava i regelverket når det gjeld å utarbeide sakkunnige vurderingar og hjelpe skulane med å utvikle kompetansen og organisasjonen for å legge betre til rette for elevar med særlege behov.

Tilsynet avdekte to avvik.

Avvik nr. 1

Kravet om at det skal tilrådest timetal fordelt på fag:

I tilbakemelding frå kommunen på korleis dei har retta lovbrotet om å fordele timetal på fag, skriv PPT Herøy at dei heretter vil bruke den nye malen der tilråding retta mot fag er eit eige punkt. Fylkesmannen bad om meir dokumentasjon på at dette er blitt ein felles praksis, til dømes fleire utfylte sakkunnige vurderingar, men har ikkje mottatt dokumentasjon på dette. Fylkesmannen vel difor å oppretthalde dette varselet i endeleg rapport.

Avvik nr. 2

Korleis det er vurdert kva som er det beste for barnet, kjem ikkje tydeleg nok fram i dei sakkunnige vurderingane:

Når det gjeld korleis det kjem fram i vurderingar av kva som er det beste for barnet, svarer kommunen i tilbakemelding på førebels rapport at dei vil leggje stor vekt på synspunkta og vurdere det mot dei faglege vurderingane som PPT gjer. Her bad vi om meir dokumentasjon på at dette i praksis vert gjort, men har ikkje mottatt meir dokumentasjon. Fylkesmannen vil difor oppretthalde varselet om at vurderingane om barnet sitt beste må komme tydleg fram i dei sakkunnige vurderingane.

Merknad: Frist for retting av regelbrot 20.12.2018

Kommunen må sørgje for at det blir utarbeidet ei sakkunnig vurdering av dei særskilde behova til eleven før kommunen gjer vedtak om spesialundervisning, jf. opplæringslova §§ 5-3 og 5-4 og Barnekonvensjonen artikkel 12.

Kommunen må i samband med det sjå til at:

- a. PPT utarbeider sakkunnig vurderingar som inneheld tilråding om kor mange timar spesialundervisning eleven bør ha i fag og samla for å vere forsvarleg.
- b. PPT tydeleg får fram i sakkunnige vurderingar korleis elven sine synspunkt er vektlagt når det blir vurdert kva som er elven sitt beste.

Viser til rapporten for meir informasjon.

### **Retting av regelbrota – Herøy kommune si tilbakemelding**

Syner til tilsendte tilsynsrapport og legg ved sakkunnige vurderingar som viser at PPT-Herøy har teke omsyn til merknadane om timar til spesialundervisning i fag og eleven sine synspunkt.

Døme på endringar i rutinar ligg også ved. Dette er PPT-Herøy sine interne rutinar som vektlegg betydning av føresette og elev samarbeid i prosessen med sakkunnig vurdering.

Det har ikkje vore ytterligere korrespondanse etter den tid, og vi oppfattar at Fylkesmannen var fornøgd med tilbakemeldinga.



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
27/19	026	06.09.2019	30.09.2019	KS

## ÅRSRAPPORT 2018 FOR SSR – SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek årsrapport 2018 for SSR – Søre Sunnmøre reinhaldsverk til vitende.

### Vedlegg

Årsrapport 2018 med rekneskap og revisjonsberetning.

### Saksopplysningar

Kontrollutvalet skal i samsvar med Kommunelova § 77,5 og Forskrift om kontrollutval § 13 sjå til at det vert ført kontroll med kommunens interesse i selskap. Vi legg difor fram årsmelding. Viser til vedlegg for utfyllande informasjon.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
28/19	033	16.09.2019	30.09.2019	JS

## INNSPEL TIL KONTROLLUTVALET

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet viser til sak 18/19 der det heiter i pkt 3: Kontrollutvalet vil vurdere ein forvaltningsrevisjon på området personalforvaltning i plan for forvaltningsrevisjon for komande valperiode.»

### Vedlegg

1. Brev frå Bjørn Martin Aasen, datert 12.06.2019 med dokument unnateke offentleg innsyn, jf. offentleglova § 13 og forvaltningslova § 13 1 ledd (1). (Ligg ved som uprenta vedlegg)
2. Kontrollutvalssak 18/19
3. Kommentar til interpellasjon frå Folkelista v/Kjell Runde

### Saksopplysningar

Frå Bjørn Martin Aasen ligg har det kome innspel, jf. brev av 12.06.2019.

Eg finn rett å gjere merksam på at personar som kjem med innspel ikkje vert rekna som part i saka. Dei har heller ingen lovheimla rett til å få kjent gjort kva kontrollutvalet gjer vidare med slike innspel/tips. Kontrollutvalet har kun lovheimla plikt til å rapportere til kommunestyret.

Likevel er det veldig bra at kontrollutvalet får innspel utanfrå. Då må utvalet velje å prioritere kva dei ynskjer å ta opp. Å ta tak i enkelt saker er ikkje kontrollutvalet sin førsteprioritet, men slike saker kan likevel gi indikasjon på at rutinar, etikk osv. ikkje er slik dei skal vere og utvalet må då stille seg spørsmål og her må gjerast ein forvaltningsrevisjon, ein undersøking eller ei gransking.

Kontrollutvalet har også tidlegare fått innspel frå Bjørn Martin Aasen. Desse opplysningane vart lagt fram i sak 18/19.

I sak 18/19 gjorde kontrollutvalet slik vedtak i pkt. 3:

«Kontrollutvalet vil vurdere ein forvaltningsrevisjon på området personalforvaltning i plan for forvaltningsrevisjon for komande valperiode.»



Innspela som no er komen frå Aasen vil også inngå i materialet i samband med utarbeiding overordna analyse/plan for forvaltningsrevisjon for komande valperiode.

**Møtet slutt.**

**Møteprotokollen går til:** Kommunestyret som melding.  
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.  
Rådmann til orientering.  
Ordførar til orientering.  
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.